



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 2320

Vår dato
08.09.2014
Dykkar dato
04.08.2014

Vår referanse
2014/9758 522.1
Dykkar referanse

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Fråsegn til utplanering av jordmassar og opparbeiding av landbruksareal i Austrheim kommune

Vi viser til brev av 4. august 2014 der de ber om fråsegn til sak om utplanering av jordmassar på gnr. 156/4 i Austrheim kommune.

Det blir søkt om utfylling av til saman 287 000 m³ reine jordmassar. Målet er opparbeiding av areal til grasproduksjon. Det er planlagt at arbeidet vil vare i 10–15 år.

Vi har under gitt innspel til korleis omsyn til forureining kan sikrast i den vidare sakshandsaminga.

Forureiningsforskrifta kap. 4

Ut frå opplysningane ser det ut til at tiltaket er omfatta av definisjonen på bakkeplanering i kapittel 4 i forureiningsforskrifta. Føremålet med denne forskrifta er å førebyggje, avgrense eller stanse forureining/erosjon frå planeringsfelt. § 4-2 definerer bakkeplanering som arbeidet med å gjere brattlendt eller kupert dyrkbart og tidlegare dyrka areal skikka for maskinell landbruksdrift, om tiltaket omfattar eit areal på minst 1 dekar. Det er søknadsplikt etter forskrifta for anlegg av planeringsfelt, og kommunen må godkjenne plan for bakkeplaneringa. Planen skal være i samsvar med [Tekniske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt](#).

Dersom det vert laga reguleringsplan for området, og krav til tiltak for å sikre mot forureining er med i denne, kan kommunen gjere vedtak om unntak etter § 4-9.

Forureiningslova

I utgangspunktet trengst ikkje løyve etter forureiningslova dersom utfylling av reine massar (sjå punktet om massekvalitet under avsnittet om reguleringsplan) vert gjennomført på ein slik måte at det ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for miljøet. Tiltak for å sikre at utfylling av reine massar ikkje vil føre til forureining, kan innarbeidast i ein reguleringsplan, sjå under.

Dersom det skal nyttast avfall til utfyllinga, må det gjerast ei vurdering etter forureiningslova. Sprengstein er næringsavfall etter reglane i forureiningslova.

Den som driv opplagsplass for avfall som kan føre til forureining må ha løyve etter § 29 i forureiningslova. Det er Fylkesmannen som gjev slikt løyve. Det vil vere ei vurdering frå sak til sak om ein opplagsplass for sprengstein skal ha løyve etter § 29. Dersom området er regulert, og det er tatt tilstrekkeleg omsyn til forureining i vedtektene til reguleringsplanen, vil det normalt ikkje vere trong for løyve etter § 29 i forureiningslova for opplagsplass for sprengstein. I særskilte saker med stort omfang, særskilt sårbar resipient eller andre forhold kan Fylkesmannen likevel krevje at det må sendast søknad etter avfallsregelverket.

Reguleringsplan

I denne saka er omfanget og tidsperspektivet så stort at kommunen bør vurdere om det må utarbeidast reguleringsplan for området. Kommunen bør i så fall setje krav til tiltak for å førebygge forureining i reguleringsføresegnene, tilsvarande krav som elles vert sette etter kapittel 4 i forureiningsforskrifta.

Fylkesmannen gjev uttale til utkast til reguleringsplanar når dei vert sendt på høyring. For massetippar/utfyllingsområde mv ber vi normalt om at følgjande vert innarbeidd i reguleringsplanen

- **Deponi.** Ein bør ikkje bruke ordet deponi, men heller massetipp eller utfyllingsområde. Dette for å gjere det tydelig at det ikkje er snakk om et avfallsdeponi som er regulert av deponikapitlet i avfallsforskrifta
- **Mengde og tid.** Det bør gå fram av reguleringsføresegnene kva mengder og volum som kan fyllast ut og over kor lang tid utfyllinga skal skje.
- **Massekvalitet.** Det bør inn i reguleringsføresegnene kva som kan nyttast som fyllmasse. Forslag til formulering: Området kan fyllast med reine jomfruelege stein- og jordmassar med innhald under normverdien i forureiningsforskrifta. Det bør gå tydeleg fram at det ikkje er lov å ta imot avfall som betong, tegl, asfalt, takstein, glas, byjord eller andre forureina jordmassar. Ved mottak av avfall eller forureina masse må det vurderast om det er krav om løyve etter forureiningsregelverket. Det kan og vere aktuelt å setje krav til stabilitet og vassinnhald i massane for å sikre at massane er eigna til utfylling.
- **Mottakskontroll.** Det bør settast krav i reguleringsføresegnene til at det er mottakskontroll ved å krevje dokumentasjon på kvalitet og kor massane kjem frå før levering. Jord frå sentrumsområde bør dokumenterast ved representativ analyse/tiltaksplan godkjent av kommunen. Det bør også vere krav til at driftsansvarleg gjennomfører stikkprøvekontroll av mottekne massar for å kontrollere at innhald av forureining er under normverdien. Det bør vere krav til at området er avstengt for uvedkomande. Det bør gå fram om det er tenkt mottak av massar frå store enkeltprosjekt eller mange små. Mottakskontrollen vil være meir krevjande ved mange små prosjekt.
- **Avrenning.** Det bør leggest fram ein plan med tiltak for å hindre avrenning til vassdrag, og krav til tiltak bør inn i reguleringsføresegnene. Det kan være sedimenteringsbasseng, siltgardin eller andre tiltak. Ein må vurdere om det må settast av areal til dette og om det skal settast krav til utforming og drift. Dersom det skal nyttast sprengstein til utfylling, må det setjast krav om at tiltakshavar må hindre direkte avrenning til vassdrag og at arbeidet må utførast på ein slik måte at ein hindrar erosjon og avrenning frå utfyllingsområdet. Dette gjeld både steinstøv,

nitrogenforbindelsar og jordpartiklar som kan føre til nedslamming av vassdraget og skade på gytegroper og fisk. Om nødvendig må ein etablere sedimenteringsbasseng for å hindre forureining av vassdraget.

- **Støv og støy.** Avhengig av nærleik til naboar bør det vurderast om det skal setjast vilkår om driftstider eller andre tiltak for å redusere støv og støy
- **Overvaking.** Om en massetipp vil føre til forureining er veldig avhengig av drifta. Det vil alltid være fare for at det vert levert forureina massar eller avfall som kan føre til forureining. Det bør derfor vere krav til overvaking av forureining. Det bør gjennomførast undersøkingar før utfylling startar opp, deretter etter eit fastlagt program. Rapport frå overvaking bør sendast kommunen. Driftsansvarleg og kommunen må vurdere resultata opp mot § 7 i forureiningslova om at det ikkje er lov å forureine.
- **Risikovurdering.** Det bør settast krav til risikovurdering, og driftsansvarleg må vurdere sannsyn og konsekvens av mulige hendingar som kan føre til forureining. Fare for forureining på grunn av mottak av forureina massar eller avfall bør med som ei mulig hending. Erfaring frå andre massetippar har vist at dette er eit vanleg problem, og at det kan føre til forureining.
- **Tilsyn.** Vi føreset at kommunen gjennomfører tilsyn for å sjå til at vilkåra i reguleringsplanen vert følgt. Dette gjeld særleg massekvalitet, tiltak for å hindre forureining og overvaking.

Naturmangfald

Saka må og vurderast etter naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Det er også viktig at massane ikkje inneheld frø og planterester frå framande artar. Det fins eksempel på at flytting av jordmassar fører til at svartelista artar etablerer seg på nye område. Naturmangfaldlova § 28 seier at verksemder som set i gang tiltak som kan føre til spreiding av framande organismar må i rimeleg utstrekning treffe tiltak for å hindre dette.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.